

Tåtten om Torarin Ofse

Omsett av Ivar Berg

Om *Torarins þáttur ofsa*

Teksten er bevart i AM 162C folio frå 1600-talet. Slutten av tåtten er tapt, men han fortel om hendingar som òg er omtala i *Soga om fosterbrørne*. Den *Soga om espeholingane* som det er vist til i første avsnittet, er ikkje kjend elles. Teksten er omsett frå utgåva i *Íslensk Fornrit X*, s. 143–147.¹

Ein mann heitte Torarin, og var kalla Ofse. Han budde på Stokkalade i Eyjafjorden. Han var svært stor på det, og ein mann utanom det vanlege. Han var son hans Tord, som det vert fortalt mykje om i *Soga om espeholingane*. Mor hans var Hild, dotter hans Gaute Ármóðsson. Torarin var ein stor handelsmann.

Det var ein gong at Torarin kom med skipet sitt inn i Raunhamn, han hadde henta seg hustømmer. Der låg skipet hans Torgeir Håvarsson, som hadde vorte lyst fredlaus om sommaren for drapet på Torgils, frenden hans Grette Ásmundsson, og løyndrapet på Tore på Rovå.

Torarin kalla saman mennene sine og sa: «No har det laga seg slik at her er dei mennene som mange veit har gjort valdsverk og drepe frendane våre. Det er no tid for å gjera opp dette. Torgeir er den verste av dei.» Så budde dei seg til å ta knarren. Ein som var med Torarin heitte Må, og ein annan Tore.

Då Torgeir fekk vita dette, bad han mennene sine syna mot og verja seg. Det vart hard strid, og førte mann gjekk på dei, så det var stor skilnad i styrke. Torgeir varde stammen djervt, men etter som det tynntest i rekkjene langs skipssidene, vart det fleire åtak på stammen. Torgeir felte Må, Tore og to andre menn i denne striden, før han fall sjølv. Då hadde han i alt drepe fjorten mann. Torarin felte sju mann. Han hogg hovudet av Torgeir og tok det med seg til Eyjafjorden, og la det i salt då han kom heim.

Desse hendingane spurdest vidt ikring. Mange skrytte av dette verket og tykte det var svært snarrådig gjort. Men Øyjolv Gudmundsson på Mødruvollane

¹ Lett revidert versjon av omsetjinga trykt i Jon Gunnar Jørgensen & Jan Ragnar Hagland (red.), *Íslendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tættur*, band II, s. 443–445. Reykjavík: Saga forlag, 2014.

meinte det oftast hadde gått den vegen, at få av huskarane hans kong Olav hadde vorte drepne ubøtte. «Og ingen veit kor lenge dei kan skryta av sigeren sin. Eg har òg høyrte det sagt, at Torgeir hadde stor overmakt å stri med. Og jamvel om han var mislikt, var han ein ven av kongen.» Øyjolv var hirdmannen hans kong Olav, slik som Gudmund, far hans.

Då mennene budde seg til Alltinget, fekk Torarin teke fram hovudet, og sa han skulle ha det med seg og syna kva dei hadde greidd. Og då Torarin kom til Lovberget, var det som mest med folk der. Då tok han til orde: «Alle menn her skal verta kjende med den hendinga som skjedde førre hausten, då Torgeir Håvarsson miste livet. Det er menn som har sett pengar på hovudet hans, og som har hatt illgjerningar å hemna. Eg vil at det skal gjevast vitne for dei om at eg gjorde dette verket, og eg synest at eg er vorten rette eigaren av det som desse mennene har lova for at det skulle verta gjort. Og om nokon tviler på saga mi, kan dei no få sjå hovudet av han her.» Og han lét det synast fram.

Då sa Øyjolv Gudmundsson: «Eg trur at Torgeirs daude vil verta til sorg for somme, om eg ser meg vel om allstad. For me veit at kong Olav likte han godt, og at Torgeir Håvarsson var hirdmannen hans. Og du fer fram med stort ovmod her, Torarin, men mykje får herskaren greie på, og mange er kongens rådgjerder.» Sidan skildest dei, og Torarin tok med seg hovudet hans Torgeir attende nordover. Då han kom fram til Eyafjorden, sa Torarin: «Flest menn vil koma i hug drapet på Torgeir om me legg hovudet hans i haug ved Vadilshorn.» Og slik vart det gjort.

Men som det gjekk skip mellom landa, fekk kong Olav høyra at Torgeir Håvarsson og reisefylgjet hans hadde mist livet. Kongen spurde kvar ein om det heile, og alle sa at Torarin Ofse hadde gjort det, og fortalde kor stygt han hadde bore seg åt: salta ned hovudet hans Torgeir om vinteren, og sidan teke det med seg til Alltinget sommaren etter. Kongen vart ofseleg sint over desse tidendene, og sa: «Ofte har menn vorte drepne, men eg veit ikkje av at nokon har bore seg slik åt. Og eg ynskjer at han skal missa livet for dette.»

På denne tida var Tormod Kolbrunarskald reist for å drepa Torgrim Troll på Grønland og hemna Torgeir Håvarsson. Han gjorde òg eit minnedikt som sannar heile hendinga.

Kongen bad til seg ein mann som heitte Sigurd for å tala med han. Sigurd skulle straks reisa til Island. Kongen sa til Sigurd: «Når du kjem til Island, fer du og finn Øyjolv Gudmundsson, venen og hirdmannen min, og gjev han dette godset. Det veg åtte merker. Eg vil gje han dette og venskapen min med, og i byte vil eg at han syter for at Torarin Ofse vert teken av dage.» Sigurd tok imot godset og drog i veg. Han la til havs og kom med skipet sitt til Eyafjorden. Der byrja han straks å handla med folk.

Øyjolv reid til skipet og fann styresmannen. Dei tala saman om opphald og handel, og Øyjolv bad han heim til seg. Rorskarane fekk opphald i Eyafjorden.

Då Sigurd kom til Mødruvollane, gav han Øyjolv bodskapen frå kongen og bar fram godset. «Og i byte mot dette vil han at du drep Torarin Ofse for drapet på Torgeir Håvarsson.» Øyjolv sa at han takka kongen både for gåvene og venskapen, «og det arbeidet som han vil at eg skal gjera, vil eg rå for med kongens lukke».

Om hausten, då mennene reid til tings, var Øyjolv og folka hans med. Torarin Ofse var òg med, og hadde stort fylgje. Med i fylgjet var òg trælen hans som heitte Greip, han var stor og sterk. Mennene reid hardt om dagen, og trælen dreiv hesten sin snøgt fram til Torarin, slik at kledda hans vart skitna til.

Torarin sa: «Du er den verste av alle træljar, som gjer slikt mot meg», og slo han i ryggen med sverdhjaltet. Trælen snudde seg og spurde om han ville gje noko i bot ...

[Her sluttar tåtten, men frå *Soga om fosterbrørne* veit me at Torarin vart drepen denne sommaren.]